



Meland kommune  
Postboks 79  
5906 FREKHAUG

Dato: 04.03.2015  
Vår ref.: 2015/2036-2  
Saksbehandlar: monsera  
Dykkar ref.14/4718-15/2414

## **Varsel om synfaring – Høyringsbrev – Fløksand, GBNR 5/83+84 – Søknad om dispensasjon frå LNF-føremål for bustadoppføring, Meland kommune**

Vi viser til brev datert 16.02.2015 med søknad om dispensasjon. Hordaland fylkeskommune har vurdert saka som regional sektorstyresmakt innan kulturminnevern.

Ut frå våre arkiv er det ikkje kjend automatisk freda kulturminne eller andre verneverdige kulturminne innanfor det aktuelle arealet, men på nabotomten er det gjort funn frå eldre jernalder. Området har potensial for funn av ukjende automatisk freda kulturminne og det er difor naudsynt med ei synfaring før vi kan gje fråsegn til tiltaket. Ved synfaringa vil ein ta stilling til om det er påkravd med ei arkeologisk registrering, jf. kulturminnelova § 9. Kostnader i samband med ei eventuell registrering vil verte dekkja av Hordaland fylkeskommune. Synfaringa vil bli gjort så raskt som råd.

Per Morten Ekerhovd  
fylkeskonservator

Monika Cecylia Serafinska  
rådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*